

Saksnr: 2020/35317-15

Saksbehandlar Signe Gudveig Rauboti

Dato: 30.06.2020

---

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Selskapskontroll av Ferde AS - handlingsplan

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune og kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune bestilte i møte 02.09.19 ein felles selskapskontroll av Ferde AS og Skyttel AS. Kontrollutvala i fylkeskommunane Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder vart invitert til å delta i selskapskontrollen. Rogaland takka ja til dette, medan Aust-Agder og Vest-Agder takka nei. Selskapskontrollen vart seinare delt opp i to, ein for Ferde AS og ein for Skyttel AS.

Basert på gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget i PS 2/2020 fylkeskommunen sin eigarrepresentant bidra til at eigarane syter for å:

1. Innføre tiltak for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte
2. Etablere ein felles eigarstrategi for Ferde AS
3. Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte
4. Følgje systematisk opp eigarrapporteringa frå selskapet (dette kan ev. gjerast i eigarmøta)

Fylkestinget ber også (punkt fem) om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følge opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Ein slik handlingsplan vert lagt fram i dette notatet. Fylkesrådmannen seier seg lei for at handlingsplanen vert levert eit par månader etter fristen fylkestinget sette.

Tilråding	Tiltak	Ansvarleg	Status
Innføre tiltak for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte	I VLFK: 1. Fylkestinget har gjennom delegeringsreglementet peika ut fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren til faste eigarrepresentantar i selskapet, sjå reglement for fylkesutvalet punkt	1. Fylkestinget 2. Eigarrepresentanten	1. Utført 2. Samordne med arbeidet med å etablere felles eigarstrategi

	<p>2.1.5.</p> <p>Eigarrepresentanten skal også møte på eigarmøta, jf.</p> <p>Eigarskapsmeldinga punkt 2.4.2.</p> <p>2. Drøfte frist for varsling av møtedato, både når det gjeld generalforsamlingar og eigarmøte.</p>		
Etablere ein felles eigarstrategi for Ferde AS	<p>1. Gjennomføre arbeidsmøte mellom administrasjonane i dei tre fylkeskommunane for å utarbeide utkast til felles eigarstrategi</p> <p>2. Gjennomføre eigarmøte mellom dei tre fylkeskommunane og selskapet</p> <p>3. Legge utkast til felles eigarstrategi fram for politisk handsaming i fylkeskommunane</p>	<p>I VLFK: seksjon for juridiske tenester og avdeling for mobilitet og kollektiv.</p> <p>Eigarrepresentanten + evt. administrativ deltaking</p> <p>I VLFK: seksjon for juridiske tenester</p>	<p>Under arbeid. Planlagt gjennomført august 2020</p> <p>Under arbeid. Planlagt gjennomført i september 2020</p> <p>Under arbeid. Utkastet skal etter planen leggast fram for politisk handsaming i november-desember 2020</p>
Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte	Utarbeide rutine for jamlege eigarmøte som ein del av den felles eigarstrategien	Administrasjonen i fylkeskommunane og eigarrepresentantane	Sjå tidsplan for etablering av felles eigarstrategi
Følgje systematisk opp eigarrapporteringa frå selskapet (eventuelt i eigarmøta)	<p>1. Fastsetje rutinar for framlegging av aksjonærinformasjon frå selskapet for politisk organ</p> <p>2. Leggje opp til drøfting av aksjonærinformasjon på dei jamlege eigarmøta (som ein del av eigarstrategien)</p> <p>3. Eventuelt gje selskapet attendemelding på innhaldet i rapportane</p>	<p>1. Fylkestinget i samband med handsaming av eigarskapsmeldinga</p> <p>2. Eigarrepresentantane</p> <p>3. Eigarrepresentantane</p>	<p>1. Fylkestinget skal handsame og vedta ny eigarskapsmelding i desember 2020</p> <p>2. På eigarmøte</p> <p>3. På eigarmøte</p>